



5 km Ca 2 timar

Eiksund

Fin padletur på om lag 5 km. Start ved Eiksund i Ulstein kommune.

Etter utsett av kajakk følge du land vestover og på innsida av Breiholmen. Etter om lag 1,5 km kjem du til Havågsneset, sving nordover og inn mot Litlevågen. Her er det muligheter for å snirke litt mellom holmar og skjær. Ver merksam når du rundar Havågsneset, då ein del av skjera ikkje er synlege ved flo sjø.

Fortsett vidare vestover på innsida av Selvågsholmen, på vestsida av Selvågsholmen kjem du til den mest eksponerte plassen på denne turen.

Når du kjem til sørsida av holmen, finn du ei fin bukt «Paradisbukta» her kan ein rast absolutt anbefalast. Turen vidare går i litt ope farvatn via Havågsholmane, om det er flo sjø klarer du å padle mellom holmane her, fortsett vidare på sørsida av Breiholmen og tilbake til utgangspunktet.

Ver merksam på at det kan vere noko båttrafikk i fjorden her, det kan kome større lastebåtar som går i leia mellom Havågsholmane og Langeneset.



Lenke til kartløyising:
[Bit.ly/padlekart](https://bit.ly/padlekart)



www.heroykajakk.no

Ulykke ☎ 113

Kvalitetsikra av:
padling.no



Padlevettreglar

1. Velg båt som høve til dine evne og til turen.
2. Sjekk at utstyret er i orden.
3. Kle deg etter vassstemperaturen. Ha med reservekle.
4. Ha alltid på deg godkjend padlevest.
5. Overvurder ikkje dine egne evner. Øv deg på redningsteknikkar.
6. Dersom du velte, forlat ikkje båt eller åre.
7. Ha respekt for ver og vind, og sjekk vermeldinga før du går ut i kajakk eller kano.
8. Hald god avstand til andre båtar. Sørg for å bli sett.
9. Lær deg livredning.
10. Ver miljøbevisst. Vis omsyn overfor naturen. Husk sporlaus ferdsl

